



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/669 - 21/49036

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
07.07.2021

Vedtak til klagevurdering - gbnr 322/101 ny vegtilkomst til bustad Mjåtveit

Tiltak: tilkomstveg
Byggjestad: Gbnr: 322/101
Tiltakshavar: Terje Veiteberg Askeland
Ansvarleg søkjar: Magnar Askeland

Saka gjeld søknad om oppføring av ny tilkomstveg over gbnr 322/4 til eksisterande bustad på gbnr 322/101 på Mjåtveit. Eksisterande tilkomstveg skal stengast når ny tilkomst skal takast i bruk. Fordel at eigedommen kan få snuplass og garasje på «baksida» mot nord og hage mot sør med etablert ny tilkomst. I tillegg er eksisterande tilkomst veldig bratt og er stengt på vinterstid. En eksisterande veg skal frigjevast til turveg/gangveg utan biltrafikk i framtidig planarbeid i område.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, samt opparbeiding av avkøyrslø, interne vegar på tomten.

Det vert elles vist til søknad mottoken 22.01.21 og supplert 31.05.21, 02.07.21.

Det er søkt om dispensasjon men administrasjonen har vurdert at dispensasjon er ikkje naudsynt i saka då saka kan handsamast som unntak frå i pkt.2.1.1a) i KDP for Meland.

Planstatus

Eigedommen gbnr 322/101 ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Mjåtveitmarka er definert som bustadføremaal. Delar av tiltaket- vegtilkomst ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for meland er definert som framtidig bustad føremål.

Det er en reguleringsplan for Tonesmarka som er under arbeid. Planavdelinga har uttalt seg i saka 1.03.21. Tiltaka kjem ikkje i konflikt med framtidig reguleringsplan for Tonesmarka.

Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjonen den 06.07.21, der følgjande vedtak vart fatta:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve for oppføring av tilkomstveg til bustad gbnr 322/101 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 13.01.21 mottatt 31.05.21 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Eksisterande avkjørsle skal stengast før ny skal takast i bruk.

Med heimel i Veglova §§ 40-43 vert utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg i tilknytting til oppføring av ny tilkomst til bustad på gbnr 322/101 Mjåtveit godkjent på vilkår:

1. *Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av Vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelege regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg», Veglova §§ 40-43, samt Vegnormal N 100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.*
2. *På dei to første metrane skal avkjørsle ha eit fall frå kommunal veg. Etter dette kan vegen ha ei stigning på 1:8.*
3. *Siktsone skal være ihht krav gitt i Vegnormal N100. Minste krav til sikt i avkjørsle er 4 x 45 meter.*
4. *Svingradius i avkjørsle vert sett til R = 4 meter*
5. *Under avkjørsle skal det leggjast ned dreneringsrør med indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrøret skal leggjast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret*

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Eksisterande avkjørsel skal stengast fysisk.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post larissa.dahl@alver.kommune.no

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til oppføring av tilkomstveg til bustad- gbnr 322/101 Mjåtveit
Gjennomføringsplan
Situasjonskart -vedlegg 0
Veglengde - vedlegg 1
Høydeprofil - vedlegg 2
Høydeprofil v/tomt - vedlegg 3
Ny vei til Mjåtveitmarka 71 - vedlegg 4
Søknad om løyve til opparbeiding av ny tilkomstveg - gbnr 322/101 Mjåtveit
Erklæring om avstand (nabosamtykke)
Tilleggsopplysningar til søknad om ny tilkomstvei til gbnr 322/101 Mjåtveit
Søknad om ansvarsrett - vedlegg 5
vedlegg til søknad om ansvarsrett - vedlegg 6

Kopi til:

Magnar Askeland	Roslandsvegen 293	5918	FREKHAUG
Terje Veiteberg Askeland	Mjåtveitmarka 69	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	--------------	------	-----------